

NORDFJORD MILJØVERK IKS

INFORMASJON OG RETTLEIING I SAMBAND MED SØKNADAR OM REDUSERT RENOVASJONSGBYR ELLER FRITAK FRÅ RENOVASJONSORDNINGANE

Føremål

Dette dokumentet er utarbeidd for at du som abonnent skal få ei rettleiing til kva forhold som NOMIL vurderer i samband med saker knytt til abonnementa våre. Vidare går det fram kva dokumentasjon du må legge ved søknaden din for at vi skal ha tilstrekkeleg informasjon til å handsame denne. Rettleiinga forklarar og kva som er meint med ulike omgrep som er nytta i føreskriftene som regulerer NOMIL sitt arbeid. Samt at det går fram kva rettar/plikter/tilbod som fell frå om du får fritak frå tvungen renovasjonsordning.

1. INNLEIING

Nomil sine oppgåver

Nordfjord miljøverk IKS (NOMIL) står for innsamling og handtering av hushaldningsavfall i NOMIL-området: Stad kommune, Bremanger kommune, Gloppen kommune, Kinn kommune og Stryn kommune.

Lowverk

Det overordna nasjonale lovverket for avfall er Forureiningslova.

NOMIL sine eigarkommunar vedtek gjennom føreskrift kva ordningar NOMIL skal ha, og kva gebyrsatsar NOMIL skal ha.

Standardforskrift for hushaldningsavfall i NoMil-området (heretter kalla Standardforskrifta) set dei generelle rammene for NoMil sine ordningar, og seier noko om NoMil og abonnenten sine pliktar og rettar. Den fastlegg kva type rabattordningar Nomil skal ha og kva forhold som kan gje rett til redusert renovasjonsavgift m.m. Siste godkjente versjon av denne føreskrifta ligg på www.nomil.no

Nomil sine eigarkommunar reviderer og vedtek for kvart år ei Gebyrforskrift for hushaldnings- og fritidsrenovasjon. Denne fastsett størrelsen på gebyret du skal betale for kvart år.

Når Nomil skal handsame ein søknad frå deg må vi handsame denne ut frå dei føreskriftsfesta krava og reglane i Standardforskrifta og Gebyrforskrifta. Siste godkjente versjon av føreskrifta ligg på www.nomil.no

Tvungen renovasjon

Gjennom Standardforskrifta har Nomil sine eigarkommunar vedteke tvungen renovasjon for bustadar og fritidsbustadar/hytter. At det er tvungen renovasjon inneber at alle bustadar og fritidsbustadar/hytter som utgangspunkt og hovudregel er omfatta av renovasjonsordningane og pliktar å betale renovasjonsgebyr. NoMil krev inn renovasjonsgebyret på vegne av kvar einskilt kommune.

Unntak frå hovudregelen

Sjølv om hovudregelen er at alle bustadar og fritidsbustadar/hytter pliktar å betale renovasjonsgebyr, er det gjennom Standardforskrifta og Gebyrforskrifta gjeve unntak som gjer at ein eigedom kan få fritak frå tvungen renovasjon eller få redusert renovasjonsgebyr.

Utgangspunktet for all reduksjon av renovasjonsgebyr er «standardabonnement», jf Gebyrforskrifta punkt 1.

Vidare følg ei oversikt over moglegheitene til å verte utteke tvungen renovasjon eller få reduksjon i renovasjonsgebyret.

2. REDUSERT RENOVASJONGEBYR

2.1 Einsleg bebuar (gjeld berre for hushalda)

Om det berre bur ein person fast i ein bustad, gjev dette rett til redusert standardgebyr, jf. Gebyrforskrifta punkt 2.

Korleis søker du?

Om du bur åleine sender du skriftleg søknad til Nomil om at renovasjonsgebyret vert fastsett i samsvar med dette. Du må dokumentere at det berre bur ein person i husstanden, til dømes ved at det berre er ein person som har folkeregistrert adresse på eigedomen.

Kvifor får du redusert renovasjonsgebyr?

Grunnlaget for rabatten er at ein einsleg person produserer mindre avfall enn ein standard husstand. Dette medfører at ein ikkje samstundes kan ha rabatt for einsleg og større dunkar enn standard.

2.2 Kompostering og deling av dunkar (gjeld berre for hushalda)

Kompostering

Om du har ein godkjent varmkompostbinge som er i bruk heile året, og du har inngått skriftleg avtale med NoMil om kompostering, får ein redusert renovasjonsgebyr, jf. Gebyrforskrifta punkt 3. Reduksjon som følgje av kompostering kjem i tillegg til eventuell reduksjon på anna grunnlag.

I tillegg kan Nomil refundere inntil 25%, men maksimalt 500 kr, av kostnaden med innkjøp av komposteringsutstyr. Du kan og hente 1 sekk med kompoststrø pr. år, på nærare gjenbruksstasjon.

Kva er ein godkjent kompostbinge?

For at komposteringa som Nomil godkjenner ikkje skal føre til problem med skadedyr, lukt og forsøpling, set vi krav til kva kompostbinge du kan bruke. På www.nomil.no ligg ei liste over kompostbingar som vi godkjenner. Om du vel ein anna kompostbinge må du har dokumentasjon frå produsenten på at:

- kompostbingen er utvikla for kompostering av matavfall, og isolert slik at den og fungerer i minusgrader på vintertid
- kompostbingen er sikra slik at smågnagarar og andre dyr ikkje får tilgong til innhaldet i bingen

Korleis søker du?

Søknadsskjema for heimekompostering ligg på www.nomil.no

Om du vil ha refusjon for utgifter må du legge ved kvittering som viser kva du har kjøpt, og opplyse kva kontonummer refusjonen skal settast inn på.

Kvifor får du redusert renovasjonsgebyr?

Grunnlaget for reduksjonen er at du sjølv tek hand om alt matavfallet ditt, og at mengda avfall derfor vert redusert. NoMil hentar inn dunken for våtorganisk avfall om du får godkjent avtale om heimekompostering.

Deling av dunkar

Om fleire eigedomar går saman og deler behaldarar for avfall, kan dette gje rett til reduksjon etter Gebyrforskrifta punkt 6.

Vilkår

Grunnlaget reduksjonen er at mengda med avfall vert mindre enn om eigedomane hadde kvart sitt standardabonnement. Difor må det føreligge ein reell reduksjon i mengda avfall som vert levert. Vidare må alle avfallsbeholdarar delast for å kunne få rabatten.

Døme

Eit standardabonnement hos Nomil er 4stk 140 liter dunkar, til høvesvis restavfall, papir, våtorganisk avfall og glas- og metallemballasje. Om to husstandar går saman og deler desse 4 dunkane på 140 liter vil mengda avfall som kan leverast verte halvert i forhold til om begge hadde standardabonnement. Dei fyller såleis vilkåra om at dei leverer mindre avfall og deler alle dunkar, og har såleis rett til reduksjon i renovasjonsgebyret.

Korleis søker du?

Begge/alle husstandane sender ein skriftleg søknad til Nomil om å få reduksjon i renovasjonsavgifta.

2.3 Halvårsabonnement (gjeld berre for hushalda i perioden 01.05 – 01.11)

Om eigedomen berre brukast maksimalt 6 månadar samanhengande i løpet av eit kalenderår, kan ein ha rett til reduksjon i form av eit halvårsabonnement, jf Gebyrforskrifta punkt 7 og Standardforskrifta § 12.

Korleis søker du?

Søknaden må være skriftleg, og du må godtgjere og dokumentere at eigedomen faktisk ikkje er i bruk meir enn 6 månader samanhengande. Om ein bruker eiendommen mer enn 6 månader i løpet av kalenderåret, vil det medføre at man blir fakturert for hele året.

Konsekvens

Dunkar som høyrer til halvårsabonnement vert merka, og vert berre tømt i perioden 01.05 – 01.11.

2.4 Avstand (gjeld berre for hushald)

Om eigedomen har tilkomst med veg, men avfallsbeholdarane må transporterast meir enn 300 meter til tømmestaden, har ein etter søknad rett til reduksjon i renovasjonsgebyret. Dette gjeld berre for eigedomar som har egne avfallsbeholdarar.

Korleis søker du?

Du må sende skriftleg søknad til NOMIL, der du gjer greie for avstanden, og helst dokumenterer dette på kart.

2.5 Standard og storleik (gjeld berre for fritidseigedomar/hytter)

Renovasjonsgebyret for fritidseigedomar er delt inn i fire kategoriar, basert på standard og storleik, jf Standardforskrifta § 4.9.1 og Gebyrforskrifta punkt 4. Slike opplysingar vert som hovudregel henta frå Matrikkel. Alle fritidseigedomar får utan vidare ein reduksjon tilsvarande 50 % av standardabonnementet for hushalda.

Reduksjon tilsvarande 70% av standard renovasjonsgebyr

Om fritidseigedommen er større enn 20m² BRA (rekna etter NS3940), og berre har eit av dei følgjande alternativa:

-innlagt straum

-innlagt vatn og avløp

-veg som er køyrbar heile året mindre enn 1km frå fritidsbustaden, eventuelt båtbyggje

Om vilkåra over er oppfylt kan ein søke om reduksjon tilsvarande 70% av eit standardabonnement.

Reduksjon tilsvarande 90% av standard renovasjonsgebyr

Om fritidseigedommen er større enn 20m² BRA (rekna etter NS3940), og ikkje har nokon av dei følgjande alternativa:

-innlagt straum

-innlagt vatn og avløp

- veg som er køyrbar heile året mindre enn 1km frå fritidsbustaden, eventuelt båtbyggje

Om vilkåra over er oppfylt kan ein søke om reduksjon tilsvarande 90% av eit standardabonnement.

Fritak frå tvungen renovasjonsordning for fritidsbustadar

Dette er nærare omtalt i punkt 3.1

Kva meinast med innlagt straum?

Med innlagt straum meinast det i denne samanheng, om fritidsbustaden er tilknytt offentleg eller privat straumforsyning. Lokale løysingar som solceller, privat kraftverk, vindturbin og liknande vert rekna som privat straumforsyning.

Kva meinast med innlagt vatn og avløp?

Med innlagt vatn meinast det i denne samanheng, om fritidsbustaden har rør som fører vatn frå utsida og inn i fritidsbustaden. Om vassforsyninga kjem frå offentleg eller privat løysing er ikkje av betydning.

Med innlagt avløp meinast det i denne samanheng, om fritidsbustaden har rør som fører vatn eller kloakk ut frå fritidsbustaden. Om avløpet fører til offentleg eller privat anlegg er ikkje av betydning.

Korleis søker du?

Du må sende ein skriftleg søknad til Nomil, der du gjer greie for kva standard og storleik fritidseigedommen har. Du må legge ved relevant dokumentasjon på at vilkåra er oppfylt.

Døme

Du søker om reduksjon tilsvarande 70% av standardgebyr. I ein slik søknad må du gjere greie for kva løysing fritidseigedommen har for vassforsyning, avløp og straum. Du må gjere greie for avstanden til næraste køyrbare heilårsveg, t.d. ved å vise dette på kart.

3 FRITAK FRÅ RENOVASJONSORDNINGA

3.1 Fritak som følge av avstand (gjeld berre fritidseigedomar)

Om fritidsbustaden har areal mindre enn eller lik 20m² BRA (rekna etter NS3940) kan du søke om fritak frå tvungen renovasjonsordning, jf Standardforskrifta § 4.9.1

Om det er meir enn 1 km frå fritidseigedomen til heilårsveg eller båtbygge kan du søke om fritak frå tvungen renovasjonsordning. jf Standardforskrifta § 4.9.1 (Dette gjeld likevel ikkje for Stryn kommune, då kommunestyret ikkje har godkjent dette vilkåret i Standardforskrifta)

Om du kan, eller må bruke båt for å kome til fritidseigedomen og til returpunkt for fritidsrenovasjon, vil avstanden som vert tilbakelagt med båt som hovudregel ikkje reknast med. Det er gangavstand frå båtbygge til hytte som er avgjerande.

Korleis søker du?

Du må sende ein skriftleg søknad til Nomil der du gjer greie for fritidsbustaden sitt areal eller avstanden til køyrbar heilårsveg.

3.2 Fritak som følge av tilgjengelighet (gjeld både hushald med fastbuande og fritidseigedom)

Om du har ein bustadeigedom som ligg slik til at det er vanskeleg å levere avfall gjennom ordinær renovasjonsordning, kan dette gje grunnlag for å verte fritaken frå renovasjonsordninga, jf Standardforskrifta § 4.3.

Ein kan berre gje fritak etter ei konkret vurdering av dei objektive forholda ved eigedomen. Subjektive forhold, som t.d. alder, helse og økonomisk situasjon, kan ikkje leggast vekt på i ei slik vurdering. jf og Standardforskrifta § 4.2.

Korleis søker du?

Du må sende ein skriftleg søknad til Nomil, der du gjer greie for forholda ved eigedomen som gjer at du meiner at du har rett til fritak på grunn av manglande tilgjengelegheit til renovasjonsordninga. Du må legge ved relevant dokumentasjon som gjer at Nomil kan vurdere og kontrollere opplysingane.

Konsekvens

Om du får fritak frå renovasjonsordninga har du berre rett til å levere avfall ved Nomil sine betjente gjenbruksstasjonar i ordinært opningstid. Du har ikkje rett til å levere avfallet til hushaldspris. Les meir om dei plikter du får og rettar du mistar ved fritak frå renovasjonsordningane i punkt 5.

3.3 Eiendom som ikkje er i bruk eller står til nedfall (gjeld både fast bustad og fritidsbustad)

Om du har ein bustad som er i så dårleg stand at det ikkje er mogleg å bruke denne, eller den står heilt til nedfall, kan du søke om fritak frå renovasjonsordning, jf Standardforskrifta § 4.9.1. Dette fritaksgrunnlaget gjeld og fritidseigedommar som ikkje kan brukast.

Korleis søker du?

Du må sende ein skriftleg grunngjeven søknad til Nomil, der du legg ved dokumentasjon på bustaden sin stand. Slik dokumentasjon kan vere bilete og/eller sakkunnig uttale, som viser at bustaden ikkje kan nyttast til bustadføremål.

Søker du om fritak frå tvungen fritidsrenovasjon må ein dokumentere at straumforsyning, vassforsyning og avløp er kopla frå.

3.4 Fleire bueiningar på same eigedomen

Om du har ein bustadeigedom med fleire bueiningar, t.d. fleire seksjonar, kan du søke om fritak for bueiningar som ikkje er i bruk, jf Standardforskrifta § 4.9.2.

Korleis søker du?

Du må sende skriftleg søknad til Nomil. I søknaden må du grunngje kvifor du meiner at du har rett til fritak, og legge ved relevant dokumentasjon på at eigedomen ikkje er i bruk. Med slik dokumentasjon meiner ein dokumentasjon på at straumforsyning, vassforsyning og avløp er kopla frå bueininga. Vidare må du signere ei erklæring der du garanterer at eigedomen ikkje vert brukt.

4 VARIGHEIT OG VILKÅR

Vedtak om reduksjon av renovasjonsgebyret eller fritak fra renovasjonsordningen, vil som hovudregel verte gjeve samanhengande, så lenge vilkåra for reduksjonen eller fritaket er oppfylt. Om føresetnadane ikkje lenger er oppfylt, vil vedtaket verte oppheva. Aabonntenen vert då pliktig å betale fastsett standardgebyr for eigdomen, eller 50% av standardgebyr om det gjeld fritidsbustad.

Nomil kan og gjere vedtak med tidsavgrensing. Om grunnlaget for reduksjonen eller fritaket framleis ligg føre ved utløp av tidsperioden, vil dette normalt verte forlenga, om abonntenen gjev skriftleg stadfesting på dette.

Om føresetnadane for eit vedtak om reduksjon eller fritak vert endra i perioden vedtaket gjeld for, må abonntenen gje Nomil skriftleg melding om dette. Om slik melding uteblir kan Nomil krevje stadardgebyr med tillegg for renter, frå og med det tidspunktet ein bedømmer at føresetnadane vart endra.

5 VERKNAD AV REDUKSJON ELLER FRITAK

Om Nomil gjer vedtak om redusert renovasjonsgebyr eller fritak frå renovasjonsordninga vil dette kunne ha innverknad på dine plikter og rettar.

Ved vedtak om reduksjon i renovasjonsgebyret, vil dette som hovudregel innebære at du har rett til å bruke heile renovasjonstilbodet. Verknaden vil vere at du betaler mindre for dette tilbodet enn i utgangspunktet.

Om du får fritak frå renovasjonsordninga, har du ikkje lenger rett til å bruke renovasjonsordningane. Du vil sjølv ha det heile og fulle ansvaret for at avfallet ditt vert handtert forsvarleg i samsvar med krava i Forureiningslova, Avfallsforskrifta og anna relevant regelverk.

Om ein bustadeigedom frå fritak frå renovasjonsordninga vil avfallsbeholdarar verte henta inn, og du har heller ikkje rett til å levere avfall gjennom renovasjonsordninga for fritidseigedomar. Du vil sjølv ha det heile og fulle ansvaret for at avfallet ditt vert handtert forsvarleg i samsvar med krava i Forureiningslova, Avfallsforskrifta og anna relevant regelverk. Du vil normalt kunne bruke

gjenbruksstasjonane, men du vil måtte betale ein høgare pris for levering enn eigedomar som er omfatta av renovasjonsordninga.

Om ein fritidseigedom får fritak frå renovasjonsordninga, kan du ikkje bruke hyttecontainerar. Du vil sjølv ha det heile og fulle ansvaret for at avfallet ditt vert handtert forsvarleg i samsvar med krava i Forureiningslova, Avfallsforskrifta og anna relevant regelverk. Du vil normalt kunne bruke gjenbruksstasjonane, men du vil måtte betale ein høgare pris for levering enn eigedomar som er omfatta av renovasjonsordninga.

